

**PARTIPROGRAM  
2019-2023**

# **Det finst ein betre veg!**

**Trine Lindborg**

Ordførarkandidat



**Bjørnafjorden Arbeidarparti**

# **Kvifor skal du stemma på Trine Lindborg og Bjørnafjorden Arbeidarparti?**

**Når eg blir ordførar i Bjørnafjorden, lovar eg å være ordførar for absolutt alle!**

Vi blir ein ny stor flott kommune som saman skal byggja ny identitet og kultur. Den må være tufta på alle dei gode og viktige verdiane kvar og ein har med seg frå sine bygder og grender.

Med entusiasme, respekt og klokskap skal vi saman byggja ein trygg plass å leva gode liv. Mangfald og utvikling, saman med tradisjonar og tryggleik, skapar gode bygder og møteplassar.

Mi dør skal være open, og eg vil være ute der folk er. Lytta, snakka med store og små og ikkje minst lære bygdene, grendene, næringsliv og all frivilligheten å kjenna. Den beste utviklinga skjer i møtet mellom menneske, ikkje i lukka fora for dei få.

Ein god kommune er ein open kommune. Eg trur på samarbeid, praktisk og løysingsorientert politikk.

Dei fleste lokalpolitikarar gjev mykje av fritida si for å skapa eit betre samfunn.

Eg er stolt av det mannskapet eg har fått med meg på lista vår.

Dei er viktige lyttepostar og bodbringarar. Bruk oss!

Godt val, gode Bjørnafjordingar!

**Klima, miljø og folkehelse skal prioriterast i alt arbeid i Bjørnafjorden kommune.**



## Ein god oppvekst for alle

- Trygge, gode barnehagar og skular i heile kommunen
- Ny ungdomsskule på Søfteland
- Leksfri skule! Lat borna få leika på fritida
- Gratis skulefrukost i ungdomsskulen
- Fleire yrkesgrupper inn i skulen
- Lese-, skrive- og reknegaranti
- Meir praktisk opplæring i fleire fag
- Styrka spesialundervisning på dei lågaste skuletrinna
- Styrka meistrings- og dei tverrfaglege teama
- Søskensmoderasjon i SFO og mellom SFO og barnehage
- SFO open 11 månadar utan ekstra betaling for feriar.  
Ferieopen SFO på fleire skular
- SFO med aktivt innhald – til dømes kultur og idrett
- Barnehage der du bur! Det skal vera barnehage i alle krinsane



## **Arealpolitikk**

- Føreseieleg og rettferdig arealpolitikk med oppdaterte arealplanar, som gir tryggleik både for innbyggjarar og utbyggjarar
- Tillata spreidd bustadbygging der det er naturleg, og der det allereie er infrastruktur
- Rask og god byggesakshandsaming
- Bygga kommunale utleigebustadar og utvikla bukonseptet «leiga før eiga» for å hjelpa fleire inn på bustadmarknaden
- Oppretta støtteordningar for utvikling av leikeplassar og møtestadar i bygdene i samarbeid med velforeiningar, næringsliv og andre

**Føreseieleg, rettferdig og klimatilpassa arealpolitikk.**

## **Landbruk**

- Stopp nedbygginga av dyrka mark og matjord. Dyrka mark skal haldast i hevd
- Realisera regional tømmerkai på Samnøy
- Utarbeida tiltak mot effekten av flaum og tørke
- Stimulera til uttak av hogstmogen skog
- Auka satsing på lokal matproduksjon og støtta dei som ynskjer å driva gardshandel/gardsturisme
- Etablera eit investeringsfond for landbruket

## **Samferdsle og infrastruktur**

- NEI til bru over Bjørnafjorden
- Arm til Bergen på E134 frå Odda via Eikelandsosen til Lyseparken
- Bru mellom Fusa og Os
- Utvida parkeringsplassane på ferjekaiane Hatvik og Venjaneset
- Fylkesveg 552 frå Eikelandsosen til Osøyro skal oppgraderast til standard med gul stripe med gang- og sykkelveg langs traseen

**JA til E39 indre trasé!**

## Kollektiv og trafikktryggleik

- Satsing på gang- og sykkelvegar med veglys
- Veglys mellom skular, busstopp og bustadområder
- «Hjartesonar» for trygg av- og påstiging ved skular og barnehagar etter modell frå Trygg Trafikk
- Lysregulert fotgjengarovergang ved Joker Søfteland
- Pendlarparkering

**Nei til bompengar i Bjørnafjorden kommune!**

## Kommuneøkonomi og kommunale prosessar

- Vi skal ha ein klar vedlikehaldsplan for alle kommunale eigedomar
- Oversikt over kommunen sine kontraktar på heimesidene, med start- og sluttdataor
- Kommunen skal ta ei aktiv rolle mot sosial dumping
- Betre prosjektsstyring for å unngå overskridinger

**NEI til eigedomsskatt. JA til opne og gjennomsiktige prosessar!**



## **Ungdom**

- Innføra Ungdomens kommunestyre.
- Oppretta Ungdomsfondet på 1 million kroner
- Massiv opptrapping av talet på lærlingar

**Varierte kultur- og aktivitetstilbod for ungdom  
– på ungdommane sine preisser.**

## **Kultur, idrett og friluftsliv**

- Det skal etablerast fleire kajakkutsetjingsplassar rundt omkring i Bjørnafjorden kommune
- Opprusta badeplassar i Bjørnafjorden.
- Byggja tursti frå Eikelandsosen via Koldal til Skjelbreid
- Etablira kyststi på Nore Neset
- Flytta biblioteket i Os inn til sentrum
- Etablira kultursal knyta til Fusa ungdomsskule
- Behalda og vidareutvikla eit godt, likeverdig kulturskuletilbod i heile kommunen
- Etablira vedlikehaldfond for samfunns-, ungdoms- og grendehus
- Koldalsfossen og kraftstasjonen på Gåssand skal sikrast som kulturminne
- Gratis øvingslokale for unge musikarar
- Arbeida for eit variert idrettstilbod i heile kommunen.
- Støtta det aktive frivillige abeidet i kommunen
- Oppretta utlånssentral for gratis leige av sports- og fritidsutstyr
- Støtta symjeklubbane i kommunen sitt arbeid med symjeopplæring.
- Realisera Søftelandsparken
- Legga til rette for etablering av motocrossbane i Fusa
- Støtta opp om tradisjonsberande kultur, slik som rosemafjelling, båtbygging, bunadssauam og mattradisjonar
- Ta vare på verneverdige bygg i kommunen
- Fylla Fjellheim med aktivitet og glede

**Sikra tilkomst til sjøen for alle ved å vera om allemannsretten.**

## Næring og arbeidsplassar

- Arbeida for å etablera fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar i kommunen
- Føreseielege rammevilkår for næringslivet
- Full mobildekning og breiband i heile kommunen
- Setta av nok areal til ulike typar næring
- Tett samarbeid med eksisterande og nye næringsaktørar
- Vidareutvikla Bjørnafjorden gründerpark
- Bjørnafjorden ASVO er ein svært viktig arbeidsplass for menneske med behov for tilrettelagt arbeid – Vi skal jobba for fleire varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA)

**Legga til rette for attraktive næringssareal.**

## Lyseparken

- Utvikla Lyseparken som eit framtidsretta næringssområde med mange nye teknologiarbeidsplassar
- Lyseparken skal vera leiande innan grøn næringssutvikling
- Arbeida for å etablere forskingsmiljø



Foto: BOF

## **Helse, omsorg og barnevern**

- Matproduksjon skal vera i kommunal regi
- Helse og omsorgstjenestene skal ikkje på anbud
- Heimetenestene skal organiserast slik at brukarane får færrest mogleg pleiarar å forhalda seg til
- Tilrettelegga for at alle eldre og demente skal ha eit dagsentertilbod med meiningsfulle aktivitetar både for kvinner og menn
- Helsetunet på Baldersheim og Eikhovdaheimen skal bestå
- Auka merksemd på tannhelse-, syn- og hørsle i eldreomsorga
- Betra tilbodet til unge demente
- Heiltidsstillingar med helsefremjande arbeidstidsordningar
- Auka talet på fastlegeheimlar
- Legevakt i Eikelandsosen
- Styrka rus- og psykiatritilbodet
- Fleire psykologar og lågterskel psykiatritilbod
- Oppgradera og utvida Hellemrya bufellesskap
- Helsestasjonar for barn og ungdom både i Eikelandsosen og på Osøyro

**Heimelaga og tilpassa mat til dei eldre! Kjøkken på Luranetunet!**

## **Klima og miljø**

- Bjørnafjorden kommune skal vera plastfri
- Auka talet på ladepunkt for el-bilar, fordelt i kommunen
- Redusera kommunen sitt klimaanstrykk
- Utvikla Lyseparken med framtidas miljøteknologi
- Innføra communal strandryddedag
- Villaksen tilbake i Oselva
- Legga til rett for landsstraum til oppdrettsanlegg
- Arbeida for strengare miljøkrav i og med oppdrettsnæringa
- Stillा miljøkrav ved kommunale innkjøp

**Klima- og miljøarbeidet skal ligga til grunn for all kommunal planlegging!**



Foto: Fusa kommune



## **Kyrkja**

Vi vil støtte kyrkja sitt arbeid som

- Kulturformidlar
- Tradisjonsberar
- Brubyggjar mellom trussamfunn
- Aktør i integreringsarbeidet for innvandrarar

## **Integrering**

- Tilby norskopplæring ut over introduksjonsprogrammet til dei som treng det
- Legga til rette for at alle innvandrarar skal kunna fullføra vidaregåande utdanning
- Tilby foreldreaddirar i grunnskulen retta mot både arbeidsinnvandrar og flyktningar
- Påskjøna lag og organisasjonar som er aktive i integreringsarbeidet
- Busetta fleire flyktningar
- Vi skal sørga for at minoritetsforeldre får informasjon om retter, plikter og moglegheiter

**JA til rask og god integrering av nye Bjørnafjordingar!**

## **Turisme og reiseliv**

- Styrka Bjørnafjorden som reisemål
- Støtta Bjørnefjorden matkultur
- Bygga opp servicetilbod for turistar
- Servicebygg ved Holdhus kyrkje
- Satsa på gardsturisme

# Stem Arbeidarpartiet 9. september

Heile programmet finn du på [www.bjornafjorden.arbeiderpartiet.no](http://www.bjornafjorden.arbeiderpartiet.no)

Følg oss på Facebook: Bjørnafjorden Arbeidarparti

- |    |  |    |  |
|----|--|----|--|
| 1  | <b>Trine Lindborg</b> (1965) Os                    | 23 | <b>Ibrahim Shaaban Satouf</b> (1982)<br>Fusa             |
| 2  | <b>Atle Kvåle</b> (1951) Eikelandsosen             | 24 | <b>Gunn Cecilie Omre</b> (1965) Søfteland                |
| 3  | <b>Line Furubotn Storum</b> (1977) Fusa            | 25 | <b>Viktor Arntzen</b> (1958) Os                          |
| 4  | <b>Gisle Hesjedal</b> (1975) Os                    | 26 | <b>Åse Vaksinen Sælensminde</b> (1953)<br>Nore Neset     |
| 5  | <b>Tone Hepsoe</b> (1969) Os                       | 27 | <b>Richard Markhus</b> (1968)<br>Eikelandsosen           |
| 6  | <b>William Lindborg</b> (1985)<br>Eikelandsosen    | 28 | <b>Frode Heggland</b> (1961) Os                          |
| 7  | <b>Linda Kjosaas</b> (1979) Os                     | 29 | <b>Amalie Lindborg Bøyum</b> (1994)<br>Søfteland         |
| 8  | <b>Pål Tore Haga</b> (1975) Søre Neset             | 30 | <b>Vidar Fristad</b> (1950) Nore Neset                   |
| 9  | <b>Ranjeeta Styve Aarvik</b> (1981)<br>Baldersheim | 31 | <b>Elisabet Nymark</b> (1963) Sævareid                   |
| 10 | <b>Helge Mjånes</b> (1967) Eikelandsosen           | 32 | <b>Emad Seif</b> (1977) Søfteland                        |
| 11 | <b>Anne Frotveit</b> (1962) Os                     | 33 | <b>Lisbeth Prestøy Haugland</b> (1970)<br>Søre Neset     |
| 12 | <b>Geir Ove Lunde</b> (1962) Os                    | 34 | <b>Oddvar Helland</b> (1956)<br>Eikelandsosen            |
| 13 | <b>Ingebjørg Naa Helle</b> (1957)<br>Strandvik     | 35 | <b>Lise Grethe Brundtland</b> (1949)<br>Lysefjorden      |
| 14 | <b>Terje Hermansen</b> (1951) Søfteland            | 36 | <b>Jørjan Haukeland</b> (1993) Os                        |
| 15 | <b>Øystein Oen</b> (1966) Nore Neset               | 37 | <b>Geir Magne Johnsen Moberg</b> (1963)<br>Søre Neset    |
| 16 | <b>Nan Høivik Drange</b> (1970) Drange             | 38 | <b>Ingeborg Halsne</b> (1976) Søfteland                  |
| 17 | <b>Øyvind Straumsnes</b> (1968) Fusa               | 39 | <b>Hans Bjørn Bakketeig</b> (1956) Os                    |
| 18 | <b>Henriette Madel Mori Lien</b> (1974)<br>Os      | 40 | <b>Åse Margrethe Hegre Riise</b> (1954)<br>Eikelandsosen |
| 19 | <b>Espen Ivar Tveten</b> (1968)<br>Søre Neset      | 41 | <b>Øyvind Tøsdal</b> (1948) Os                           |
| 20 | <b>Agnete Digranes Aarvik</b> (1963)<br>Sævareid   |    |  |
| 21 | <b>Arild Mads Nilsen</b> (1960)<br>Søre Neset      |    |  |
| 22 | <b>Torill Keys</b> (1979) Søre Neset               |    |  |



Bjørnafjorden Arbeidarparti